

# Vågsøy Venstres program for kommunevalet 2015



**BEVARING FOR  
VIDARE VEKST**

**VENSTRE**  
Folk først.





Klaus Arne Iversen (f.v.) er tredjekandidat til fylkestingsvalet for Sogn og Fjordane Venstre. Vidare frå venstre ser vi toppkandidatane til Vågsøy Venstre: Mona Alvestad (andrekandidat), Edvard Iversen (førstekandidat) og Daniel Gangeskar (tredjekandidat)  
Foto: Roald Refvik

# FOKUS PÅ BEVARING

## AV DET VI HAR:

- folk, bygg, tenester, verdiar, historie, miljø og natur
- eit trygt og aktivt samfunn
- der unge blir og andre ønsker å flytte tilbake til

### BORN OG UNGDOM:

*Vi vil ha gode tilbud for born og ungdom*

- byggje vidare og styrkje den gode skulen vi har i kommunen
- sikre trygge skuleveggar
- oppretthalde ein god barnehagestruktur med full dekning
- styrkje og aktivisere ungdomsrådet ved mellom anna å auke budsjettet og at ordføraren skal fungere som mentor

### BU- OG OPPVEKSTMILJØ:

*Vi vil at Vågsøy skal vere ein føretrekt etableringskommune med trygge og aktive lokalsamfunn*

- bruke kommuneplanen som redskap for bustadbygging i kommunale og private bustadfelt
- bruke eigedomsskatten mellom anna til auka vegvedlikehald av kommunale veggar
- støtte grendalag som er aktive i lokalmiljøet

## **KULTUR OG FRITID:**

*Vi vil støtte og utvikle frivillig arbeid og dugnadsånd*

- stimulere og styrkje eit aktivt og allsidig kulturliv
- halde svømmebasenga opne for både elevar og innbyggjarar
- flytte Kulturskulen til Ungdomsskulen

## **NÆRINGS LIV:**

*Vi vil at Måløy og regionen omkring utviklar eit allsidig og sterkt næringslivsmiljø*

- arbeide for å styrkje posisjonen som fiskeri- og verftskommune
- kjempe for å behalde/skaffe statlege- og fylkeskommunale arbeidsplassar
- arbeide for å vidareutvikle reiselivsnæringa med sterkare fokus på kysten
- støtte aktivt gründere og næringsutvikling innan informasjons- og miljøteknologi
- støtte opp om tiltak som utviklar Måløy vidaregåande skule, Sikkerhets-senteret og Fagskulen
- støtte Nordfjord Havn sitt arbeid med utvikling av havnene

## **HELSE OG OMSORG:**

*Vi vil at Vågsøy skal være ein god kommune å bu i der du får omsorg og pleie når du treng det*

- gje dei pleietrengjarane i kommunen den hjelpa dei har krav på, og at dei som ønsker det kan få bu heime lengst mogleg
- sikre nok sjukeheims plassar og omsorgsbustader
- styrke dagtilbod og avlasting til heimebuande
- støtte og styrkje eit godt lavterskel helsetilbud til ungdom
- støtte aktivt rekruttering av helsepersonell
- oppretthalde og styrkje aktiviteten ved Nordfjord Sjukehus

## **VÅGSØY KOMMUNE:**

*Vi vil at Vågsøy kommune skal vere ein god arbeidsplass for personleg vekst og trivsel. Utad skal kommunen framstå som ein effektiv serviceinstitusjon for innbyggjarane*

- Vågsøy skal være kjent som ein positiv, serviceinnstilt "Ja-kommune"
- kommunen skal være kostnadseffektiv med god økonomistyring
- være positiv til kommunesamanslåing utifrå eit langsiktig tidsperspektiv
- Måløy skal vidareutviklast som eit sterkt og funksjonelt administrasjons- og servicesenter for innbyggjarane i regionen også etter ei eventuell kommunesamanslåing

## **SAMFERDSLE:**

- styrke arbeidet med gode kommunikasjonar, langs kysten og til lands, mot Florø, Bergen, Ålesund og Trondheim
- arbeide for at fylkesvegen Måløy-Holvik-Vågsvåg og Rv 617 Kapellneset-Haldeplassen vert utbetra
- arbeide for snarlig realisering av Kystvegen, strekninga Måløy-Svelgen-Florø (45-minuttsregionen)
- arbeide for at ferjestrekninga Måløy – Oldeide får timeavgangar



## **EDVARD IVERSEN**

### **Pensjonist**

Kommunereform, næringsutvikling på kysten og samferdsel blir særskilte viktige oppgåver for kommunen vår dei næraste åra. Eg gler meg til å ta fatt på dette saman med andre viktige oppgåver.



## **MONA ALVESTAD**

### **Kommunelege**

Eg ønsker å jobbe for at kommunen har langsiktige mål både for helsesektor og skulesektor, og at kommunen er tydeleg i prioriteringane sine framover.



## **DANIEL GANGESKAR**

### **Student og ungdomskandidat for Venstre i Sogn og Fjordane**

Mine hjertesaker er: oppvekst, kultur og barn og ungdom. Eg ønsker å vere med og forme framtidens Vågsøy kommune. Eg ønsker å sjå eit yrande lokalt kulturliv og sikre at barn og unge i Vågsøy har gode oppvekstvilkår og at det er mogleg for ungdom å flytte tilbake ein gong i framtida.

## **Kommunestyre- og fylkestingsvalget 2015**

### **Valliste for Vågsøy Venstre**

1.	<b>Edvard Johan Iversen</b>	<b>(f. 1949)</b>	<b>Raudeberg</b>
2.	<b>Mona Alvestad</b>	<b>(f. 1972)</b>	<b>Måløy</b>
3.	<b>Daniel Gangeskar</b>	<b>(f. 1996)</b>	<b>Deknepollen</b>
4.	Torstein Hagen	(f. 1953)	Kvalheim
5.	Kim R. Nedreberg Silden	(f. 1979)	Deknepollen
6.	Hilde Annie Hagen	(f. 1961)	Deknepollen
7.	Vegard Åstebøl Larssen	(f. 1981)	Måløy
8.	Kristin Kjellrun Hafsås	(f. 1954)	Deknepollen
9.	Mehmed Adzemovic	(f. 1997)	Måløy
10.	Sigrun Vevle Gotteberg	(f. 1951)	Holvik, Måløy
11.	Nils Arne Holvik	(f. 1942)	Måløy
12.	Oddlaug Randi Osmundsvåg	(f. 1946)	Osmundsvåg
13.	Klaus Arne Iversen	(f. 1952)	Raudeberg

